



ÅRSMELDING 2002

Olav Sletto – selskapet vart skipa 03.03.01 og selskapet har såleis no vore i drift godt og vel eitt år.

På årsmøtet i fjor vart interimstyret vald til fast styre for selskapet. Styret er samansett slik:

Arne Skogheim (leiar) (ikkje på val 2002)

Turid Birgit Lien (nestleiar) (på val 2002)

Jul Haganæs (ikke på val)

Per Lilleslett (ikkje på val)

Kåre Olav Solhjell (ikkje på val)

Kaare Wensaas (på val 2002)

Varamedlemer til styret er: _

Eva Lill Sletto (ikkje på val)

Hallgrim Berg (ikkje på val)

Olav Lia (på val 2002)

Arbeidsplanen som vart vedteken av årsmøtet i 2001 er prøvd fylgd opp så langt tida har strekt til. Det er utarbeidd eigen logo og trykt brevpapir og konvoluttar. Til arbeidet med logo og eiga nettside har ein fått prosjekttilskot frå Hol kommune på til saman kr.10.000,-.

For å fullføra arbeidet med eiga heimeside, er ein avhengig av fagleg hjelp som ikkje kostar for mykje. Det vil bli arbeidd vidare med dette prosjektet inneverande år.

Det er gjeve eit tilskott frå Forskningsdagane 2001 på kr.13.000,- i samarbeid med Hol folkebibliotek. Hol ungdomsskole arbeider vidare med prosjektet i samband med tiltaket ”Den kulturelle skolesekken”.

Styret har arbeidd vidare med prosjektet ”Årbok for Olav Sletto – selskapet”. Kåre Olav Solhjell har sagt seg viljug til å vera redaktør for årboka. Bygdeboknemnda for Hol har gjeve klarsignal til at han kan bruka noko av den avsette arbeidstida si til arbeidet med denne årboka. Det er innsamla ein god del stoff, og det ser ut til at ein kan få dette prosjektet i hamn innan utgangen av dette året.

Det er halde to styremøter sidan sist årsmøte. Pr. 22/6-2002 har selskapet 55 medlemer.

3576 Hol, den 22.juni 2002.

For styret

Arne Skogheim